



Naturvernforbundet i Buskerud


Drammen 11.3.2

e-post: buskerud@naturvernforbundet.no

Statsforvaltaren i Oslo og Viken
sfovpost@statsforvalteren.no

Hogst av kantsone.

Naturvernforbundet i Øvre Eiker har fått melding om hogst av kantsone på Østre Kaasa gard gnr.bnr 84.4 og 84.5 I Øvre Eiker kommune.
Sjå raudmerka felt på kartet under.



Naturvernforbundet var på synfaring 4.3.2023.

Området er veldig flatt. Skogen er prega av at dette er ei flomsone. Hoveddelen av vegetasjon er gråor, svartor, bjørk og gran. All gran er hogd, det står igjen nokre granar som er kappå på omlag 3m. Det er positivt.



Mange stader står det bare ei enkel trekke langs elvekanten.



Andre stader er elvekanten barbert.



Gråor pregar området. All gråor burde vore spart.



Lite vegetasjon står igjen.

Naturvernforbundet meiner at dette er brudd på Vannressurslova§11. Kantsoner.

Det er et krav at kantsonen skal ha ein økologisk funksjon.

Me har fått informasjon fra grunneigar at det er Glommen- Mjøsen skog som er ansvarlig for hogsten og er tømmerkjøpar.

Same kilde fortel at Stasforvataren i Oslo og Viken har gitt løyve til hogsten, og at all granskog kunne takast.

Anna trevirke kunne takast dersom det er meir enn 15m fra elv.

I praksis er det nesten ingen stader på elvesletta der det er over 15m til elv.

Dersom denne informasjonen er riktig , ber me om å få oversendt ordlyden i løyvet.

Dersom det ikkje er gitt løyve, er dette brevet å rekne som ei formell klage i forhold til Vannressursloven.

Venleg helsing Naturvernforbundet i Øvre Eiker - Jon Trygve Johnsen

Naturvernforbundet i Buskeud - Martin Lindal.